



ÅRSMELDING 2021

Generelt.

Fjordvegen Rute 13 er eit interesseselskap for den viktige indre samferdselsåra Rv 13 på Vestlandet som går gjennom fylka Rogaland og Vestland.

Fjordvegen Rute 13 har riksvegstatus og er ei livsnerve for kommunane den går gjennom, både for næringsliv / turisme og innbyggjarar frå Stavanger i sør til Sogndal i nord.

Vedtekter:

Vedtekter for Fjordvegen Rute 13 vart vedteke på Årsmøtet 06.06.2013 og sist revidert på årsmøtet i 2021.

Her er føremåla:

1. Å arbeida for utbygging av Fv13 slik at denne blir ein trygg veg med gjennomgåande høg standard og gul midtstripe for heile strekninga.
2. Å marknadsføra vegstrekninga som ei effektiv og vakker transportåre og som den indre stamvegen frå Stavanger til Sogndal.

Føremålet er følgt opp med ein årleg revidert treårig Handlingsplan med desse måla:

- Fjordvegen Rute 13 skal verta den viktigaste reiskapen for regionar, kommunar og verksemdar til å skaffa midlar til rassikring, fullverdig vegstandard utan standardbrot og med gul stripe på Riksveg 13.
- Fjordvegen Rute 13 skal målretta støtte reiselivet i Fjordveg-regionen for auka konkurransekraft basert på lokale opplevingar.

Handlingsplanen er følgt opp med årleg revidert tiltaksplan.

Styret 2021:

Styret har 7 styremedlemer. Det er 5 årsmøtevalde for 2 år om gongen og 2 valde frå fylkeskommunane for ein 4-årig valbolc. Styret skal ha møte så ofte som arbeidet krev det. Styret skal driva selskapet for utvikling av og pådriving for riksveg 13 og gje uttalar på vegne av organisasjonen.

Styret har i 2021 halde seks styremøter og handsama 28 saker i tillegg til Årsmøtet 2021 som var digitalt den 26.05.2021.

Styret har invitert eksterne innleiarar i møta, m.a. frå Statens vegvesen og Nye Veier AS.

Styret i 2021:

Gerd Helen Bø, Suldal kommune - leiar

Sigbjørn Hauge, Voss herad - nestleiar

Morten Midlang, Vik kommune

Roald Aga Haug, Ullensvang kommune

Bjørn Laugaland, Hjelmeland kommune

2019-2023 Fylkesvalde med personleg varamedlem:

Kristoffer Amdal , Rogaland fylkeskommune varamedlem: Svanhild Løge Skålheim/

Geir Toskedal frå oktober 2021

Toralv Mikkelsen, Vestland fylkeskommune

varamedlem: Gunnar Moland

Varamedlemmer i rekkefølge:

1. Ingvald Torblå, Hardanger Industri
2. Roy Egil Stadheim, Vik kommune
3. Solfrid Borge, Ullensvang kommune

Valnemnd 2021: Kari Vaage Gjuvsland (leiar), Frode Bøthun, Bjarne Kvadsheim

Administrasjon:

Fjordvegen Rute 13 kjøper administrative tenester hjå Hardangerrådet iks. Dagleg leiar i Hardangerrådet iks Jostein Eitrheim, er også dagleg leiar i Fjordvegen Rute 13 og er saman med konsulent Trude L. Rinaldo sekretariat for selskapet.

Seniorkonsulent Hanne Sundbø er tilsett i Hardangerrådet iks i 50%stilling. Fjordvegen Rute 13 kjøper konsulenttenestene frå Hardangerrådet etter avtale. Hardanger Økonomiservice as har ført rekneskapen og Vestlandsrevisjon iks har vore revisor for selskapet i 2021.

Medlemskap

Medlemskap: Alle som støttar føremålet, kan verte medlem og betala årskontingent etter kategori. Ved utgang av året 2021 har selskapet 12 kommunar, 2 fylkeskommunar, 2 regionråd, 5 næringsforeningar, og 18 verksemder/stiftingar/enkeltpersonar som medlemmer:

Stavanger kommune	Postboks 8001	4068 STAVANGER
Sandnes kommune	Postboks 583	4305 SANDNES
Ulvik herad	Skeiesvegen 3	5730 ULVIK
Sauda kommune	Postboks 44	4201 SAUDA
Strand kommune	Rådhusgt.	4100 JØRPELAND
Hjelmeland kommune	Vågavegen 116	4130 HJELMELAND
Suldal kommune	Eidsvegen 7	4230 SAND
Ullensvang kommune	Opheimsgt.31	5750 ODDA
Eidfjord kommune	Simadalsv. 1	5783 EIDFJORD
Voss herad	PB 145	5701 VOSS
Sogndal kommune	PB 153	6851 SOGNDAL
Vik kommune	PB 134	6891 VIK I SOGN
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020 BERGEN
Rogaland fylkeskommune	Postboks 299	4002 STAVANGER
Hardangerrådet iks	PB 78	5782 KINSARVIK
Ryfylke iks	Ryfylkevegen 7040	4130 HJELMELAND
Hardanger Industri	Smelteverket 57	5750 ODDA
Suldal Næringsforening	Sandsvegen 134	4230 SAND
Vik Næringssamskipnad		6893 VIK i Sogn
Hjelmeland Handels- og Serviceforening		4130 HJELMELAND
Ullensvang Reiseliv	Pb 73	5782 KINSARVIK
Stiftelsen Preikestolen	PB 199	4126 JØRPELAND
Felleskjøpet Rogaland Agder SA	Pb 208	4001 STAVANGER
Myrkdalen Fjellandsby		5713 VOSSESTRAND
Hotel Ullensvang	Ullensvangvegen 865	5781 LOFTHUS
Blix hotell	Sentrumsgata 44	6891 VIK I SOGN
NorStone AS	Svadbergveien 27	4137 ÅRDAL
Fjordtinds Hotels	Bekkjarvikveien 104	5114 TERTNES
Kinsarvik Camping		5780 KINSARVIK
Eidfjord Fjell og Fjord Hotel	Lægreidsvegen 7	5783 EIDFJORD
Energiselskapet Hardanger	Pb 33	5782 KINSARVIK
Mass Hus AS	Postboks 13	5782 KINSARVIK
Fiskå Mølle AS	Fiskåvegen 1010	4120 TAU
Lofthus Auto	Lofthus	5781 LOFTHUS

Ullestad & Jansen Transport	Vikaneset 76	4130 HJELMELAND
Halldor Utne	Kinsarvikvegen 1	5780 KINSARVIK
AK Maskin - Årdal Landbruk	Årdalstunet 13	4137 ÅRDAL
Odda Rutebuss	Postboks 54	5751 ODDA
Edmund Utne	Sjoarvegen 55	5781 LOFTHUS

Kontingent 2021 for Fjordvegen Rute 13

Medlemskategori 1: Kommunar	kr 40.000
Medlemskategori 2: Næringssselskap/Interesseselskap over 50 medlemmer	kr 5.000
Medlemskategori 3: Næringssselskap/Interesseselskap inntil 50 medlemmer	kr 2.500
Medlemskategori 4: Bedrifter/Andre med over 100 tilsette	kr 5.000
Medlemskategori 5: Bedrifter/Andre med under 100 tilsette	kr 2.500
Medlemskategori 6: Bedrifter/Andre med inntil 5 tilsette	kr 1.000
Medlemskategori 7: Vestland fylkeskommune	kr 200.000
Medlemskategori 8: Rogaland fylkeskommune	kr 120.000

Kort om arbeidet i selskapet i 2021

Saman med kommunar, fylkeskommunar og andre aktørar har Fjordvegen Rute 13 arbeidd i høve revisjonen og spesielt mot Stortingsbehandlinga av NTP 2022-2033 i juni 2021, samt oppfølging av årlege program/budsjett til vedtatte NTP. Påverknad for å få fokus på prosjekt og midler for rassikring og standardheving langs Rv 13 er prioritert. Det er arbeidd mot fleire politisk nivå for å få finansierte og igangsett viktige prosjekt.

Arbeidet med ny NTP 2022-2033 – siste fase

Arbeidet i høve neste Nasjonale transportplan blei tatt opp hausten 2019 gjennom m.a. planlegging av ny årskonferanse i Rogaland våren 2020. Pga pandemien måtte konferansen avlysast. I 2021 var situasjonen tilsvarande og konferansen blei bestemt å avhaldast våren 2022. Årsmøtet 26.5. blei digitalt.

Styret prioriterte då å oppnå merksemd og forståing for behova til riksveg 13 ved å avhalda nettmøte med alle parti med Stortingsplass pga at fysiske møte var umuleg. Basis i møta var ein større bilderik presentasjon og så dialog om løysingar.

Det blei halde ni nettmøte frå januar t.o.m. mai der både Stortingsrepresentantar, primært frå Transportkomiteen, partisekretariata på Stortinget, fylkespolitikarar og Stortingskandidatar deltok. Alle parti (FrP, H og V i fellesskap, KrF, Sp, Ap, Sv, MDG og Rødt) var svært positive og ville stilla i møta med Fjordvegen sine styrerepresentantar og administrasjon. På nokre møte var og også næringsmedlem med.

Regjeringa la fram sitt forslag til NTP 19. mars, og etter dette vart budskapet om riksveg 13 spissa ytterlegare.

Det mest overraskande 19. mars var forslaget om at Nye veier skulle få overført nordre del av riksveg 13 til sin portefølje som rassikringsprosjekt utan at prioritering av konkrete strekk er nemnt eller at rassikring fall naturleg inn i dei tradisjonelle oppgåvene til Nye veier.

For søre del var berre strekket Rødslane i Suldal nemnt i ny NTP med ein avgrensa oppstart i slutten av første seksårs-periode. Det var elles skuffande lite å finna om riksveg 13, og arbeidet mot Stortingsbehandlinga av planforslaget og Stortingsvalet i september blei intensivert.

Transport- og kommunikasjonskomiteen på Stortinget inviterte styreleiar i Fjordvegen Rute 13 med på digital høyring av NTP-forslaget 13. april.

I samband med regjeringsskiftet på hausten blei det arbeidd mot fleire parti. Etter eit stort steinras ved Lovra i Suldal i oktober og stor aktivitet frå ei lokal aksjonsgruppe, bidrog Fjordvegen Rute 13 med m.a. støtteuttale. Semja mellom regjeringspartia og SV rundt statsbudsjettet gav ei uttelling med auke i midlar og tidlegare oppstart for Rødsliane i 1. NTP-periode.

Heile prosessen til Fjordvegen i høve revisjonen av NTP er løpande omtalt på nettsida fjordvegen.no. Det har og vore arbeidd med partia for å få nemnt rassikring og standardheving i deira partiprogram og resolusjonar til årsmøta.

Tett oppfølging av våre to fylkeskommunar var prioritert. I november deltok Fjordvegen Rute 13 med presentasjon under Vestland fylkeskommune sitt møte om oppfølginga av NTP.

Samarbeide med andre organisasjonar som Nasjonal rassikringsgruppe har vore viktig, m.a. i samband med uttale til NTP og førebuingane til deira stand på Arendalsveka i august 2021.

Selskapet sine innspel til formelle høyringar:

Styret vedtok hovudpunkta i sitt syn på revisjonen av NTP til frist i mars 2020. Hovudfokus har vore generelt å auka midlar til rassikring og støtte til Nasjonal rassikringsgruppe og deira synspunkt om å få på plass ein nasjonal rassikringsplan for 12 år og 71 mrd kr til sikring av fylkes- og riksvegar med høg og middels skredfaktor. Rv 13 har heile 34 punkt med høg og middels skredfaktor.

Prioritering av dei mange raspunktta med høg og middels skredfaktor er gitt utfrå størrelsen på faktoren. I tillegg prioriterer selskapet presserande standardheving, t.d. på strekket Kinsarvik – Bu. Dette har blitt presentert på alle møte før Stortingsbehandlinga.

Tiltak etter NTP-vedtaket med konsekvensar for riksveg 13:

Fjordvegen Rute 13 hadde rett etter Stortingsbehandlinga av NTP i juni kontakt med Nye veier AS og nettmøte med desse. Den endelege NTP innebar at det blei stadfesta at Nye veier blei tildelt ansvaret for utvikling av riksveg 13 frå Skare sør i Ullensvang til Sogndal i nord. Søre del av riksveg 13 ligg framleis under Statens vegvesen.

Ein tok initiativ til kort møte med Nye veiars informasjonssjef på tur på riksveg 13 28.juni. Etter dette blei det planlagt synfaring med buss frå Stavanger til Sogndal 16.-17.september med tre representantar frå Nye Veier saman med våre styrerepresentantar. Alle medlemskommunar blei møtt v/ordførar undervegs. Det blei skipa informasjonsmøte i Ullensvang der alle næringsmedlemmer i Hardanger møtte, og møte med presentasjonar frå Sogndal kommune og Nasjonal Rassikringsgruppe i Sogndal.

Det er etter dette lagt opp rutinemessig kontakt mellom Nye veier og administrasjon og styre i Fjordvegen Rute 13 og tilsvarende med Statens vegvesen for søre del.

Uttalar og brev

Fjordvegen Rute 13 har i 2021 kome med to slike uttalar, begge presentert på www.fjordvegen.no

-Støtteuttale i november til aksjonsgruppa Trygg Rv13 gjennom Suldal» for rassikring av Rv 13 Lovraeidet – Rødsliane

- Invitasjon i november til samferdselsstatsråd Nygård til synfaring på riksveg 13.

Profileringsarbeidet i tråd med Handlingsplan 2021 – 2022:

Konsulent Hanne Sundbø har utfrå Koronasituasjonen auka innsatsen med digital profilering.

Medlemsskrivet **Fjordvegdrøsen** pr epost 3-4 gongar/år går til medlemmer og særleg interesserte mottakarar innan næringsliv og politikk. Ei utgåve blei skreddarsydd med tanke på nye Stortingsrepresentantar og ny regjering etter Stortingsvalet i september. Det blir presentert nytt frå selskapet sitt arbeide og større prosjekt samt ytringar frå medlemma. Lesartala er høge i høve tal mottakarar.

Sosiale media er i fokus som medlemspleie og for å oppnå merksemd. **Facebook-profilen** blir som oftast oppdatert fleire gongar kvar veke med generelt nytt frå styret, det som skjer rundt Rv 13 i media, spesifikke stengingar og rasproblem samt medlemsnytt, særleg frå reiselivsaktørane. Rundt 840 følgjarar hadde profilen ved årsskiftet. Tal innlegg er mellom 30 – 45 pr månad, oftast med god respons og kommentarar.

Instagram-profilen vert brukt til spreiding av informasjon med fotos frå utfordringar langs vegen, og informasjon frå faglege og politiske arrangement Fjordvegen Rute 13 deltek i.

Heimesida **www.fjordvegen.no** er faktabasert og fungerer som informasjonsstad for alle eksterne brukarar. Ytringar frå nye nærings-medlemmer er presentert samt større prosjekt som Fjordvegen Rute 13 er engasjert i.

Medlemspleie, NTP og rekruttering

Det er i løpet av 2021 kome til to nye næringsmedlemmer.

Statusrapportar frå utviklinga av Rv 13.

Ryfast mellom Stavanger og Ryfylke: pga pandemien og brik av heimekontor, blei det lågare trafikktalet i 2021 enn budsjettert Trafikken sørfrå har auka etter opninga av Ryfast, men talet på elbilar med halv pris har auka. I starten av 2022 er det enno ein sannsynleg unormal situasjon. Fjordvegen følgjer med på trafikktalet.

Nye større veganlegg langs Rv 13 med arbeid i 2021.

Nye kaianlegg og hydrogenelektrisk ferjedrift Hjelmeland – Nesvik:

Dei doble kaianlegga var ferdigstilte, den første i februar, og begge blei opna formelt 26. oktober Ny elektrisk ferje Hjelmeland hadde starta frå april 2021. Den hydrogenelektriske og prisvinnande ferja Hydra starta opp i sambandet i juli, men førebels berre med batteridrift.

Tilstand - status for utvikling.

Rv13 har fleire delstrekningar med vedvarande utfordringar for dei vegfarande og gjev uakseptabel låg mobilitet for lokalbefolkning og næringsliv. Døma er uføreseibar vinterstengingar for vegen over Vikafjellet, trafikale problem og manglande framkome mellom Kinsarvik og Bu i sommarsesongen og årvisse snø- og steinras t.d. på Byrkjenes, Brattlandsdalen og Rødsliane / Lovraeidet.

Kommentarar til rekneskapen. Vidare drift.

Rekneskapen for 2021 er ført etter rekneskapslova som eige selskap av Hardanger Økonomiservice AS og revidert av Indre Hordaland Revisjonsdistrikt.

Rekneskapen for 2021 viser at selskapet hadde driftsinntekter på 944.560 kr og driftsutgifter på 903.303 kr. Driftsresultatet er på 41.257 kr. Renteinntekter er 860kr. Dette gjev eit ordinært årsresultat på 42.117 kr.

Eigenkapitalen pr. 31.12.2021 er 2.354 kr.

Diverse.Arbeidsmiljø og personale.

Selskapet har ikkje egne tilsette, men kjøper sekretærtenestene og profileringstenester frå Hardangerrådet iks. Jostein Eitrheim er dagleg leiar i Fjordvegen Rute 13 i 2021.

Likestilling.

Selskapet sitt styre er 6 menn og 1 kvinne og varamedlemmene i styret er 4 menn og 1 kvinne.

Miljø.

Fjordvegen Rute 13 si drift ureinar ikkje det ytre miljøet.

Kinsarvik 16.03.2022

.....
Gerd Helen Bø
styreleiar

.....
Sigbjørn Hauge
nestleiar

.....
Bjørn Laugaland
styremedlem

.....
Roald Aga Haug
styremedlem

.....
Morten Midlang
styremedlem

.....
Kristoffer Amdal
styremedlem

.....
Toralf Mikkelsen
styremedlem

.....
Jostein Eitrheim
dagleg leiar